

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 48 / 2018 Sak til: 56 / 2018	Onsdag 13 juni 2018	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 5 av 7 medlemmer, 2 varamedlemmer

Til stades

Medlemmer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

Varamedlem: Gunvor Eggebø Ness og Bente Breivik.

Meldte forfall: Solfrid Kongshaug Aase og Einy Daviknes.

Andre frammøtte: Diakon Lena Kristiansen og Arve H Haugland (i byrjinga av møtet)

Sak / år:

48/2018: Møteprotokoll frå møte 2 mai vart godkjent.

Merknad: På gudstenesta 13/5 var Erling Kopperud prest istaden for Harald Forland.

49/ 2018: Meldingar:

50/ 2018: Gudstenesteliste:

13/05:kl.11.00:Hovudgudsteneste v/Erling Kopperud. Nattverd. Offer: Kirkens SOS. Ansvarleg: Team 2.

17/05: kl.11.00: v/ Astrid Marie Haugland. Offer: Leif Heggernes sitt arbeid. Ansvarleg: Team 3.

20/05:kl.11.00:Hovudgudsteneste V/ Michael Møgster. Nattverd. Offer: KIA Askøy. 1 pinsedag m/ middag etterpå. Ansvarleg: Alle team.

23/05: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

27/05:kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp .Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team 4

10/06: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Den norske kyrkja i utlandet. Skaparverkets dag på **Herdla fort**. Ansvarleg: Team 1.

.....
20/06: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30

24/06: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Peter Johansen. Dåp. Offer: Eige arbeid. Avskilsgt. for Peter. Ansvarleg: Team 2.

08/07:**kl.19.00:**Hovudgudsteneste v/ Godtfred Haugland. Nattverd. Offer: Misjonshøgskulen. Ansvarleg: Team 3.

29/07: kl. 11.00: Hovudgudsteneste v/ Michal Møgster: Dåp. Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team: 4

19/08: kl.11.00: Familiegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer :YA Fauskanger/Treet. Ansvarleg: Team 1.

51/ 2018 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:

17/05: Travelt for team med oppgaver både ute før gudstenesta og inne i kyrkja.

20/05: Grillinga etter gudstenesta gjekk greitt. Men det var litt for lite kjøtt og for mykje kaker.

10/06: Utegudstenesta gjekk greitt på fortet. Fint at diakon Lena var med. Ein del arbeid på førehand for å få alt på plass. Konfirmantane deltok fint i gudstenesta med lesing o.a.

24/06: Avskilsgudsteneste for Peter. Han får ei pengegåve.

52/2018: Pilgrimsrute v/ Arve H Haugland.

Pilgrimstur laurdag 29 sept. Vi fylgjer den same ruta som turen ved kyrkjejubileet i 2013, frå Fromritoppen til kyrkja, Start kl.10 med stopp undervegs .Det går og an å gå delar av turen.

Det er eit opplegg om pilgrimsvandring i salmeboka. Arve legg opp programmet og informerer vidare.

53/2018: Grøn kyrkjelyd:

Vi gjekk gjennom «Plan for grøn kyrkjelyd» og det er ein del ting vi må vere betre på. Det gjeld innkjøp til kyrkjelydshuset og kyrkja. Miljøvenlege, økologiske, fairtrademerka varer så langt det går an. Forbetre sortering av avfall og god informasjon i kyrkjelydshuset.

Det er ynskje om ei lita oppvaskmaskin i kyrkja, for å sleppa eingangsstyr der vi kan.

54/2018: Open kyrkje sommaren 2018:

Kyrkja er open alle søndagar i juli, frå kl.15.00- kl.18.00.Vaktlista for dei 5 søndagane vart fordelt.

55/2018:Status: Sjøveis/ Kyrkjereis 2 sept. 2018

Her er mykje på plass .Det vert et spanande program med «Vestgar» i rute mellom Øygarden og Meland, gudsteneste med gamal liturgi og salmar, og gjenskaping av tida når stein vart ført til Herdla for å byggja kyrkje.

56/2018: Eventuelt:

- Heftene for plan vår og haust i kyrkjelydene , som vi har delt ut i postkassane, er kostbare og tidskrevande. Vedtak: Dei vert trykt opp på kyrkjekontoret i mindre antall og kan leggst i kyrkja, kyrkjelydshuset og evt andre stader.
- Randi Hovgaard har eit opplegg om skaparverket, og kan ha programmet også i Herdla. Det kan kanskje vere på eit formiddagstreff.
- Søre vegg på kyrkjelydshuset treng å malast i år. Vi har maling.

Diakon Lena orienterte om arbeidet sitt og ting ho kan vere med på i vår kyrkjelyd. Ho tek gjerne imot forslag og idear.

Neste møte vert onsdag 22 august.

Håpolden, 18 juni 2018.

Reidun Håpolden

Referent.